



FALTURILTU 2014

nynorsk barne –og ungdomsbokfestival

Sluttrapport

Falturiltu – nynorsk barne –og ungdomsbokfestival på Stord vart skipa til for åttande gong 2.-7. november 2014.

Ansvarleg for festivalen er Stord kommune i samarbeid med Høgskolen Stord/Haugesund, Sunnhordland Museum, Stord Mållag og Det Norske Samlaget. I Stord kommune har folkebiblioteket, den kulturelle skulesekken og kulturskulen også vore involverte i arbeidet. Det administrative ansvaret er lagt til Kulturtenester.

Ein eigen programkomité har hatt ansvaret for det faglege innhaldet. Komiteen var sett saman av Roald Kaldestad (festivalleiar), Hege Myklebust, Jane Cathrin Særsten Jünger og festivalkoordinator Kristine Thorkildsen.

Eitt av prinsippa me arbeider etter, er å bringa bøkene ut til nye arenaer og dermed også til vonleg nye lesarar. Basert på dette har me i fleire år hatt Ballturiltu – ein bok og fotballfest. I år har me utvikla fleire nye konsept etter same leisten.

Periskop <http://www.periskop.no/tankar-fra-falturiltu/> v/ Ahmed Akef Khateeb har ein grundig og god omtale av festivalen. Me tillèt oss nokre sitat:

«Tidlegare i månaden gjekk Falturiltu av stabelen i Leirvik på Stord. Det var åttande året verdas einaste nynorske barnebokfestival vart arrangert. Målsetjinga til festivalen er å løfte fram den nynorske diktinga og forfattarane, og foreløpig lykkast dei godt med synleggjinga lokalt. Men vil dei nå lenger enn til innvendig bruk i nynorsk kommunane, må ein tydelegare nasjonal strategi til.»

«Eit poeng for festivalen er at han skal komme dit lesarane er, og det resulterer i morosame arrangementsnavn som Stallturiltu, Ballturiltu og Tallturiltu. Målgruppa får møte litteraturen på dei arenaene dei vanlegvis kjenner, og då blir hestesportsenteret, fotballbanen og klasserommet naturlege festivalrom. Stallturiltu var ei nyskaping på programmet i år, her samtala Lene Kaaberbøl om «Sølvhesten»-trilogien på Stord hestesportsenter.»

«Festivalen syner korleis godt litteraturarbeid kan skje, og det er godt å sjå kor leikande mykje av formidlinga er. Det lovar godt for leselysta. Programmet inneheldt spennande tema, seminar og aktivitetar, og arrangementa viser ei nødvendig breidde i formidlingsmåtar. Kva er strategien framover for å bli ein nasjonal festival? Og kva skal festivalen gjere for ikkje berre å bli ein reklamekanal i kjerneområdet for dei nynorske forlaga? Dette er viktige spørsmål, for det er ein god festival. Han fortener gjestar frå heile landet, ikkje minst kan lærarar og bibliotekarar finne fleire av programpostane fagleg interessante»

Me merkjer oss Khateeb sine råd og må arbeida vidare for å få ein tydlegare nasjonal strategi.

INNHALD

Festivalen inneheldt følgjande hovudaktivitetar:

UTSTILLINGAR

Dobbelutstilling i vrimlearealet i Stord Kulturhus. Rett etter opningsframsyninga opna to utstillingar: **Fotoriltu** laga av Stord fotoklubb og Fantasideyr. Utstillinga var laga av åtte medlemmer i Stord fotoklubb, inspirert av årets tema: Fantasi og fanteri, og **Fantasidyr**, laga av elevar frå Fitjar vidaregåande skule, VG1 design og handverk. Eva Frøkjær Ersland fortalde om fotoklubben sin prosess frå start til ferdig produkt og Rigmor Lamo, lærar på Fitjar vidaregåande skule fortalte korleis elevane hennar jobba fram utstillinga.

Utstillingane hang heile festivalveka, og var mykje besøkte. Særleg fantasidyra var populære blant alle ungane som var innom Kulturhuset i løpet av veka.



Fantasi og fanteri er laga av elevar på sjettesteget. Elevane las ei eller fleire av *Skammarens dotter-bøkene* og laga utstillinga utifrå dei.

Desse tre utstillingane skapte ei fin ramme rundt festivalen og ei av dei fekk til og med «dagens ros» i lokalavisa.

Utstillinga «fantasi og fanteri» på HSH var laga av studentane på HSH, Årseining for kunst og handverk. Publikum kunne sjå dei flotte og fantasifulle illustrerte plakatane i vrimlearealet på HSH.

Stallturiltu var nytt i år. Stord hestesportsenter på Tyse var arena. Lene Kaaberbøl og Kristine Tofte samtala om *Sølvhest-triologien* som Lene Kaaberbøl har skriva. Det var hesteaktivitetar for ungane. Gjengen på hestesportsenteret var flotte å samarbeide med. Dei gjorde alt for at arrangementet skulle få dei dei beste tilhøva. Sunnhordland Kraftlag (SKL) som er ein av dei store sponsorane våre hadde aktivitetar for borna, der alle fekk premie.

Ei tilbakemelding frå publikum var et me gjerne kunne hatt ein familiepris slik som på opningsfesten slik at dei ikkje vart så dyrt for store familiar. Dette tek me med oss til seinare arrangement.

Talturiltu var også ei nyvinning. Vet vart bok- og mattefest på Nordbygdo ungdomsskule, der Arild Stubhaug presenterte boka *Skjulte kodar, Niels Henrik Abel – Ein biografi*. Høgskulelektor Andreas Christiansen ved Høgskolen Stord/Haugesund følgde opp med ei praktisk matteøkt som engasjerte elevane meir enn ein kanskje skulle tru. Niandeklassingane gav toppkarakter til både forfattaren og mattelæraren.

Falturiltufest opna festivalen. Dette er ei festframsyning som skal passa for heile familien, og gje publikum smakebitar frå programmet på festivalen. Dette såg ut til å fungera etter planen.

Stordøya kvedarlag starta det heile med Kråkevisa som er frå Stord, og som festivalen har fått namnet sitt etter.

Saman med mediehuset Sunnhordland hadde Falturiltu lyst ut låtskrivarkonkurransen «Sunnhordlandslåten» for tredje året på rad. Det kom inn 16 bidrag og vinnaren i år vart Johanne Engevik Olsen, med songen «Når alt går i svart». Ho framførte denne akkompagnert av bror sin Endre Engevik Olsen på piano.

Stord Danseensemble (Stord kulturskule si dansegruppe) framførte Heksedans (eit utdrag frå kulturskulen si framsyning Måneskinnsoldaten), og HSH-studentar framførte eit utdrag frå HSH-operaen «Skammarens dotter».

Lene Kaaberbøl har skriva dei svært populære fantasybøkene om Skammarens dotter, som no er under filmatisering. På scenen hadde ho ein samtale med Kristine Tofte om bøkene, og det vart vist ein bakomfilm frå filmatiseringa.

Det store trekkplasteret i år var tekstkunstnaren og visesongaren Tønes. Dei særst fantasifulle tekstane hans fengde både store og små. Han tok imot bestillingar frå publikum og fekk kjempekontakt med publikum.

Roald Kaldestad hadde ansvar for arrangementet og var også programleiar.

Opplesingar for skuleklassar både i regi av festivalen og gjennom Den kulturelle skulesekken.

Me inviterte skular til 32 arrangement. Dei aller fleste av desse var også opne for anna publikum. 18 av programpostane fann stad på skular medan 14 arrangement var på andre offentlege stader.

Både elevane og lærarane er svært glade for å få møta forfattarar og delta på desse arrangementa. Likevel var det ønske frå nokre av skulane om å få vera på skulen, og ikkje gå til andre stader, då dette tek for lang tid. Til seinare må me vurdera dette for kvar skule, og prøva å leggja det opp slik at ikkje for mykje av skuledagen går bort til transport.



Måndags- og onsdagsklubben (klubbar for utviklingshemma) fekk besøk av Gyrid Axe Øvsteng og Terje Torkildsen. Me fekk positive tilbakemeldingar frå begge klubbane. Begge forfattarane fekk fin kontakt med publikummet sitt på kvar sin måte.

Bollemaskin og Englatroll. I år var det to lokale barnebokforfattarar som debuterte, så me tenkte det var verd eit eige arrangement. Ingvild Sjo las boka om Peder Bakar som får seg bollemaskin. I boka finn ein òg bollevalsen, som vart framført av forfattaren og Roald Kaldestad, og ungane fekk syngja med.

Janne Nerheim las om Englatrollet Elea, som løyser mobbeproblema på skulen. Det var tydeleg at ungane let seg engasjera i denne historia, for så stille er det sjeldan så små ungar sit over tid! Illustratøren til Englatroll, Silvia Karlsen, var til stades, og inviterte ungane med i teikneaktivitetar etterpå.

Dette vart eit populært arrangement for dei minste og foreldra deira, som var godt besøkt. Bollemaskin-forfattaren hadde sjølvsgatt bollar til utdeling.

Trass i litt teknisk blunder med ein projektor fungerte alt fint. Ungane var lydhøyre og likte tydeleg historiene dei fekk.

Barna likte teiknaktiviteten etterpå. Arrangement med ein kombinasjon av opplesing og annan aktivitet ser ut til å appellera til dei yngste

Bok og Beibi. Bok og Beibi. Gyrid Axe Øvsteng las frå boka «Førstemamma på Mars» for dei aller, aller yngste på Kringla kafé. Ho viste bilete på veggjen. Det har vist seg vanskeleg å trekkja foreldre med små born på dagtid, så denne gongen hadde me invitert ein barnehage. Dei var glade for tilbodet, og likte svært godt historia om den rare mamma.

Ballturiltu har etter kvart vorte ein tradisjon under Falturiltu. I år var det med forfattar Ragnfrid Trohaug og fotballspelar Erik Solér på Vikahaugane

idrettspark. Arrangementet vart til i samarbeid med Stord næringsråd og Stord fotball.

Trohaug gjorde ein kjempejobb med å binda fotballøkt og leseøkt saman. Ho kunne altså ikkje berre skriva og lesa, men ho imponerte både gutar og jenter med å slenga seg i mål og verkeleg engasjera seg på fotballbana også!

Erik Solér tok ein prat med juniorane i Stord IL – fotball. Tilbakemeldingane derfrå var at dei møtte ein dyktig mentor som verkeleg engasjerte dei.

Operaen «Skammarens dotter» Studentar frå Høgskolen Stord/Haugesund laga eigen opera basert på «Skammarens dotter» av Lene Kaaberbøl. Studentane komponerte ny musikk, skreiv libretto, laga kostyme og kulissar, og stod for heile arrangementet. Operaen hadde både skuleframsyningar og opne framsyningar.

HSH- studentane imponerte med ein flott opera. Her er både lærar- og førskulelærarstudentar, musikk- og kunst og handverksstudentar i sving, og både studentane og lærarane i dei ulike faga legg ned ein stor innsats for å få til ei god framsyning på kort tid. Operaen er svært populær både på dagtid og kveldstid.

vaage@sunnhordland.museum Vaksenbokkveld i regi av Stord mållag. Eli Fossdal Vaage debuterte i år med diktsamlinga «Hekla myter», med dikt som var inspirerte av kvinners handarbeidstradisjonar og overføringa av desse mellom generasjonane. Det var utgangspunktet for ei handarbeidstevling, og på vaksenbokkvelden i museumshallen las Eli dikt frå boka, før vinnaren av tevlinga vart kåra. I tillegg las onkel til Eli, Lars Amund Vaage, frå si nyaste diktsamling, «Den raude dagen», og tanta, Hanne Bramness, frå si diktsamling for born, «Vintersong».

Falturiltu er ein festival for og om barnelitteraturen, men det er kjekt å setja av ein kveld til bøker for dei vaksne også, og kvelden var godt besøkt. Det er jo også dei vaksne som gjerne kjøper bøker til borna, det vart difor presentert både barne- og vaksenlitteratur denne kvelden

Musikkklunsj Musikkstudentar ved Høgskolen Stord/Haugesund hadde komponert og framførte nye melodiar til tekstar av Stein Versto. Per Olav Kaldestad las dikt mellom songane, for eit publikum av studentar og tilsette ved HSH. Dette er også eitt av dei arrangementa som har blitt gjenteke med suksess over fleire år.

SEMINAR

Leseglede og lærelyst med nynorsk barne- og ungdomslitteratur
Stord Kulturhus, onsdag 5.11.14:

Målgruppe: bibliotekstilsette, førskulelærarar, lærarar og andre interesserte.

MÅL: Vise fram den gode litteraturen og visa korleis han kan formidlast

Arrangørar: Landssamanslutninga av nynorskkommunar v/Framtida.no, Nynorsksenteret og Fylkesbiblioteket i Hordaland

- **Ragnfrid Trohaug**, sjefredaktør for barne- og ungdomslitteratur, Samlaget, om *kvifor det er viktig og lurt å lesa på nynorsk*.
- **Janne Karin Støylen**, formidlar ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, om formidling, spesielt om leseledning. Nynorsksenteret: Kva er god ungdomslitteratur? Om masteroppgåve om Uprisvinnarane.
- **Terje Torkildsen**, forfattar av fleire prisvinnande ungdomsbøker på nynorsk, *Å skriva for dei som ikkje vil lesa*.
- **Anne Stefi Teigland**, **Kunsten å velje nynorskbok**. Om føresetnader for god formidling og nye, gode bøker, ved *prosjektlear og formidlar Anne-Stefi Teigland, Bergen Offentlige*
- **Trude Hoel**, Lesesenteret: "Ein banan er ikkje berre ein banan". Om dialogisk lesing og vaksne som språklege rollemodellar. Hentar døme frå Mopp og Mikko-prosjektet i Ølensjøen barnehage. Presentasjon av Lesesenteret og Foreldreutvalget for barnehager (FUB) sitt
- **Anne-Stefi Teigland**, litteraturformidlar ved Bergen Off. Bibliotek. Både om nyare ungdomslitteratur og 1990-talet. Aktualiserer det som finst.

Fantasi og fanteri

Høgskolen Stord/Haugesund hadde fokus på fantasy og fantastikk, torsdag 6.11.14:

- Ikkje for sarte sjeler, altså!
Forfattar **Tor Arve Røssland** om kvifor skrekk og gru er så forlokkande for mange lesarar, spesielt unge, og kva erfaringar han har gjort etter nokre hundre opplesingar om Svarte-Mathilda.
- Når eg skriv at det vesle saksedyret brettar vengene 40 gonger etter kvar flygetur, kunne ikkje det vere starten på eit eventyr?
Forfattar **Erna Osland** om det fantastiske i fagbøker for barn.
- "Fantasy – nei takk, jeg liker ikke sånne bøker!"
Fantasyforfattar **Mari Moen Holsve** tenkjer høgt rundt rykte til fantasysjangeren Kvifor vil mange heller bli tatt på fersken i å lesa *Fifty Shades of Grey* enn i å lesa fantasy? Eit skråblikk på klisjear og fordømmar.
- **Den fantastiske spenninga**. Forfattar **Lars Mæhle** vil med utgangspunkt i sin eigen fantasyserie for



ungdom, *Landet under isen*, komma inn på mulege årsaker til at så mange unge lesarar finn fantasy litteratur fascinerande.

Det var kjekt å kunna tilby to seminar dagar etter kvarandre. Dette førte til fleire tilreisande deltakarar enn me har hatt tidlegare. Begge seminarane hadde høgt fagleg nivå. Dei hadde to ulike innfallsvinklar der **Leseglede og lærelyst med nynorsk barne- og ungdomslitteratur** brukte litteraturformidlarar og **Fantasi og fanteri** brukte forfattarar til å formidla leseglede for barn og unge. Dette gjorde at ein fekk både i pose og sekk om ein tok med seg begge seminarane. Publikum var særleg bibliotekarar, lærarar og lærarstudentar.

Måneskinssoldaten i Stord Kulturhus. Stord Kulturskule.

Tidlegare har kulturskulen gjerne hatt ei framsyning der ulike elevgrupper framfører sine ting i tur og orden. I år hadde dei gjort ein heilt ny vri, og laga ei rammeforteljing der både songarar, dansarar, musikarar og dramaelevar deltok.

Her følgde me helten, Måneskinssoldaten, gjennom ei vandring på leit etter dei som treng hjelpa hans. På vegen hadde han følgje av den trufaste venen, draken Drakus.

Stykket er laga av elevane og lærarane ved kulturskulen. Gjennom kreative skriveprosessar, lek og improvisasjon har historia og rollefigurane fått liv. Dans og musikk er fletta inn i stykket.

Denne framsyninga var veldig fin. Forfattaren som satt på sida i lag med ein skrivehjelpar fungerte som raud tråd i forteljinga. Dei fletta dessutan inn mange av dei aktuelle bøkene som stod i fokus i festivalveka.

Overhøyrte publikumsreaksjon: «Er det ferdig allereie!»



Fantasi og fanteri på Sunnhordland museum

Her fekk fire femteklassar vera med på eit tredelt opplegg der dei møtte Atle Hansen som las frå «Ulvestova», Kristian Lunde som fortalte om fantaskap på Vikjo før i tida og Johanne Øvstebø Tvedten om fanteri i folkeeventyra. Arrangementet var også ope for anna publikum.

Temadagane på museet er svært populære på skulane, og dei er med på å knyta saman dei moderne barnebøkene og vår lokale historie.



Song for Eirabu - Trio Vest og Kristine Tofte. Distriktsmusikartrioen på Stord og forfattar Kristine Tofte samarbeidde om å utvikle ei heilt ny førestilling basert på Tofte sin fantasyroman, *Song for Eirabu*. Musikken var av kjente klassiske komponistar og utdrag av musikken til Ringenes Herre, og i mørket, med talgljos, blei publikum tekne med på ei magisk innføring i Eirabu-universet. Førte åttandeklassingar sat musestille i tretti minutt.

Linda Eide og Finn-Erix avslutningsfest for vaksne på Arena. Gjester: Tarald Tvedten og Roald Kaldestad.

Det er tydeleg marknad for arrangement for vaksne nynorskfolk! Det er tredje gongen Finn-Erix drar i gang denne avsluttinga på Falturiltu. Dei har hatt ulike gjester kvar gong. Både Finn-Erix og gjestene leverte ein herleg kveld med mykje humor og kjente hoftevrikk.

Forfattarar i år:

Arnt Birkedal, Hanne Bramness, Linda Eide, Atle Hansen, Mari Moen Holsve, Per Jan Ingebrigsten, Per Olav Kaldestad, Lene Kaaberbøl, Lars Mæhle, Janne Nerheim, Erna Osland, Asbjørn Rydland, Ingvild Sjø, Arild Stubhaug, Linn T. Sunne, Terje Torkildsen, Ragnfrid Trohaug, Tor Arve Røssland, Kristine Tofte, Eli Fossdal Vaage, Lars Amund Vaage, Gyrid Axe Øvsteng.

ANDRE DELTAKARAR

Frank Tønnesen best kjend under artistnamnet **Tønnes**, er ein norsk visesongar, gitarist og låtskrivar frå Sokndal. Han ga ut sitt fyrste album, *Rett te håves*, i 1996 og har gitt ut totalt sju album og fire EP-ar. I tekstane brukar han Sokndal-dialekt og fortel humoristiske og underfundige historier om små og store ting.

Erik Francisco Solér er utdanna psykolog, og har vore fotballspelar, spelaragent og investor. Han har spelt 39 kampar for det norske landslaget, og var mellom anna med på sigeren over Italia i 1985.

Finn-Erix er mellom landets mest spesielle populærorkester, mykje på grunn av besetninga - stoveorgel m/rytmeboks, fagott og vokal. Trioen har spesialisert seg på humoristiske tolkingar av pop og rockklassikarar, og repertoaret spenner frå Deep Purple via Leonard Cohen til Bjørn Eidsvåg. *Finn Tokvam, song og rytmeegg, Odd-Erik Lothe, stoveorgel m/rytmeboks, Halvor Folgerø, fagott.*

Trio Vest er ei profesjonell musikargruppe (distriktsmusikarar) sett saman av Grete Hylland (fløyte), Jarle Kristoffersen (cello), og Magnus Blom (piano). Dei har base på Stord, og arbeidsgjevaren er Stord kulturskule. Dei har alle fleirårig høgskuleutdanning og lang erfaring som utøvande musikarar. Ein viktig del av arbeidet deira er skulekonsertverksemd for Rikskonsertane.

Roald Kaldestad (festivalleiar)
er festivalleiar for Falturiltu, frilans muskar og barnebokforfattar.

Kristine Thorkildsen (festivalkoordinatør)
er festivalkoordinatør for Falturiltu og Teaterfestivalen på Stord. Jobbar også 20 % som bibliotekarassistent på Stord folkebibliotek.

Jane Cathrin Særsten Jünger (programkomiteen)
er museumsstyrar på Sunnordland museum.

Hege Myklebust (programkomiteen)
er høgskulelektor på Høgskolen Stord/Haugesund. Ho er aktiv med i Stord mållag, som har vore samarbeidspartnar for festivalen sidan starten.

Per Olav Kaldestad (seminarprogramkomiteen)
er forfattar og har ansvar for seminaret på HSH.

Ann Britt Ervik (seminarprogramkomiteen)
er førstelektor i norsk ved Høgskolen Stord/Haugesund, og har ansvar for seminaret på HSH.

Kirsti Aksnes
er høgskulelektor i drama på HSH, og har hatt ansvar for operaen.

Stord Kulturskule
Elevar frå Stord kulturskule kjem frå teater, dans og musikk. Dei har jobba med konserten som i år fekk namnet Måneskinssoldaten. Dette er eit prosjekt som dei har arbeidd med frå dei starta opp i august.

Den kulturelle skulesekken
på Stord blir administrert av kulturtenester v/ **Guri A. Aksnes**

Stord Mållag

Stord Mållag er eit svært aktivt mållag som m.a. arrangerer bokkveldar og forfattarmøte, og held kontakt med næringslivet og kulturlivet i kommunen.

Frivillige

Dei frivillige har mellom anna hatt ansvar for køying, billettsal, servering og bæring. Me var heldige og hadde svært god hjelp av nokre flotte folk i år. Til neste år ønskjer me oss fleire slik at oppgåvene kan fordelast på fleire.

Samarbeid med bLest i Tysvær og Silk i Skudeneshavn.

Me har hatt godt samarbeid me to andre festivalar: bLest og Silk. Me samarbeidde om ei annonse i Klassekampen (heilside) og delte på utgifter til forfattarar: Linn T. Sunne, Lars Mæhle og Lene Kaaberbøl.

Me vil halda fram med dette samarbeidet til neste år. Det er fint å utveksla erfaringar og ikkje minst økonomisk gunstig å dela på utgifter. Det at me også går ut felles og marknadsfører oss trur me er med på gjera oss meir synlege i det litterære landskapet.

MARKNADSFØRING

Det vart laga plakat og program, og festivalen har eigne heimesider (www.falturiltu.no). Me er på Facebook (Falturiltu) og Instagram (#falturiltu). I tillegg hadde me lysingar i lokalavisa Sunnhordland både på førehand og undervegs i festivalen. I år hadde me i tillegg reklame på nett og mobil i avisa Sunnhordland.

Sunnhordland hadde også daglege reportasjar gjennom festivalveka.

I år fekk me god medieomtale både før, under og etter festivalen. I oppsummeringa av Falturiltu 2014 er det gledeleg å sjå at me når lenger ut. I år kom det mellom anna bidrag frå Gudbrandsdalen til låtskrivarkonkurransen vår *Sunnhordlandslåten*, og på dei faglege seminara kom det folk frå Skudeneshavn i sør, frå Bergen i nord og frå Os, Odda, Voss, Oslo, Volda og Tysvær. Aldri før har me trekt så mange utanfor Sunnhordland. Publikum har også stilt opp på dei aller fleste arrangementa, og publikumstalet ser ut til å enda opp på litt over fire tusen. Litt høgare enn i fjor, altså. Me merkar også auka interesse frå media for den nynorske barnebokfestivalen. For første gong fekk me i år saker i *Klassekampen*, *Nynorsk pressekontor* (NPK) *Dagen*, *Hallingdølen*, *Bømlo Nytt* og *Framtida*. Lokalavisa *Sunnhordland* og nettavisa *Stordnytt* er flinke til å følgja opp det som skjer både før og under festivalen. *Haugesunds Avis* hadde fleire saker og *Bergens Tidende* hadde eit heilsides oppslag. *Norsk Tidend* og *Periskop* hadde representantar på festivalen i fleire dagar. Det ser altså ut til at me er på rett veg mot å nå målet vårt om å bli ein nasjonal festival for nynorsk barnelitteratur, med solid lokal forankring.

ØKONOMI/FINANSIERING

Rekneskapen viser at festivalen hadde ei total utgiftsramme på ca. 640.000,- (Dette er ikkje ferdigstilt rekneskap. Falturiltu må ettersenda rekneskapet.). Det var løyvingar på 100 000,- frå Stord kommune og 155 000,- frå Norsk kulturråd som utgjorde den viktigaste inntektskjelda. Den kulturelle skulesekken bidrog med 30 000,-. Hordaland fylkeskommune har gitt løyve til å administrera barne- og ungdomsteaterfestivalen i lag med litteraturfestivalen og dermed har me ein person i 50 % stilling til å arbeida med desse to festivalane. Dei støttar såleis festivalen med om lag 200.000,-. Me har i år valt å leggja inn denne inntekta i budsjettet for å synleggjera dei reelle kostnadene og inntektene ved festivalen.

Sponsorinntekter frå Sparebanken Vest på 115.000,-, SKL på 50.000,-, HSH på 25 000,-, Fritt ord på 45 000,- Samlaget på 20 000,-, Norsk forfattersentrum medlemsfond 6300,- og Cappelen Damm på 2 000,- er også viktige for at festivalen skal kunne gjennomførast. Sparebanken Vest og SKL har i tillegg lova fleirårig støtte.

Publikumsoversyn

Kva	Publikum	Selde billetter	sum
Stallturiltu	76	32 (fri:44)	3600
Falturiltufest	270	64 (fri:206)	11700
Fantasi og fanteri opning	120		
Drakeguten, Stord folkebibliotek	90		
Offer	100		
Bollemaskin og Englatroll	60	45(fri:15)	1350
Bok og Beibi	20		
Musikkklunsj	40		
Talturiltu	110		
Ballturiltu	90	27(fri:63)	3100
Fantasi og fanteri på museet	106		
Opera	600	160**	8000
Måndags -og onsdagsklubb	80		
Fitjar folkebibliotek, Rimbareid skule	170		
Vaagekveld, Mållaget	60		
Måneskinnsoldaten	350		24300
Seminar, LNK	60		
Seminar, HSH	50		7200
Englatroll	70	10**	300
Linda Eide på Knutsaåsen	60		
Linda Eide og Finn-Erix	220	186(fri:34)	65100
4 utstillingar	1000		
Skule (totalt: 1273)	542		
	4344	866*	124650

*I rapportane frå 2010 har me telt alle som fekk billett på arrangement sjølv om det er fribillett. No når me gjer alle arrangement opne med billettpris blir det feil å sei selde billetter når me har invitert skuleklassar. Difor har eg skrive antal fribilletter i parantes for fyrste gong for å vise kva som er kva.

** På operaen hadde med inviterte klassar samt at dei har solgt 160 betalte billetter. Englatroll hadde også inviterte klassar, men også publikum utanom.



Statistikk

	2011	2012	2013	Budsjettert 2014	2014
Tal på programpostar, totalt	92	52	72	70	51
Tal på programpostar retta mot barn og unge	89	49	69	68	48
Publikumsbesøk totalt	3345	3 043	3999	4000	4344
Tal på selde billetter	547	855	910	950	866
Tal på selde festivalpass	0	0	0	0	0
Publikumsbesøk, barn og unge	2800	2 687	3 649	3700	4100
Dugnadstimer/frivillig arbeidsinnsats (timetal)	80	150	170	170	170